

Kvinnherad Auto med ny bilbergingsbil.

17.08.2017



Sigurd Myklebust framfor den nye flotte bergingsbilen sin.

Sigurd Myklebust trappar ikkje ned aktiviteten i firmaet sitt Kvinnherad Auto sjølv om han har passert 77 år. Han kjører på fullt, og i helga var han i Oslo og henta seg ny bilbergingsbil. Det er ein 2012-modell av merket Inveco, ein flott bil som ser ut som den er ny både innvendig og utvendig.

Sigurd Myklebust fortel at han var i Oslo sist helg for å feira burdagane til sonen og barnebarnet. Før han reiste såg han bilen på finn.no. Han ringte og bad eigaren halda den av til han, og mandag smelte han like godt til og kjøpte den.

Bilen er som sagt svært fin, og sjølv om den kanskje ser mindre ut for auga, har den betydeleg større lastekapasitet enn den gamle bilen. Den er godt utstyrt med fjernstyring av alle funksjonar, og det er blant anna hydraulisk feste for motorsykkel. Ein kan velja mellom manuell gir og automatgir på bilen som har motor på tett på 200 hk. Bilen har ikkje gått som ordinær redningsbil. Den er kjørt av eit privat firma og har blitt brukt til innhenting av bilar. Etter at handelen var vel i boks, lesste 77-åringen personbilen han hadde kjørt austover i, på bergingsbilen før han kjørte vestover over Haukeli.

Sigurd Myklebust fortel at han no vurderer å selja den gamle bergingsbilen.

- Den begynner å dra på åra. Det er ein MAN 1994-modell, men den er i god stand, seier Sigurd Myklebust om gamlebilen, og legg til at det er travelt med bergingsoppdrag.
- Eg har to sjåførar som byter om å kjøra.

Også dei andre delene av verksemda til Kvinnherad Auto går godt!

- Salget av Tysse-hengarar i ulike variantar går så det susar. Eg har forresten selt to i dag, sa han då eg snakka med han i middagstida onsdag, og han kunne fornøgd tilføya at det låg an til eit rekordår. Dei 10 leigebilane til firmaet er utleigde heile tida.

Sigurd Myklebust er eit godt døme på at alder berre er eit tal. Aktivitetstempo og stadig nye rekordar er eit godt bevis på det. Og er trur det gode humøret hans er eit godt drivstoff!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland